

# Anne Bamford

□ Tekst: Ingvild Digranes Foto: Einar Jahr

**Rett før jul hadde Anne Bamford, professor ved University of the Arts i London, pressekonferanse på Schous kulturbryggeri. Ho er forfatteren bak den mykje siterte rapporten "Wow-faktoren", som er basert på ei undersøking ho utførte på oppdrag frå UNESCO i 2006. Bakgrunnen for besøket på Schous er at ho no er i full gang med ei kartlegging av situasjonen for kunst- og kulturfaga i skulen i Noreg. FORM møtte Anne Bamford for å få vite meir om sjølve undersøkinga, og om ho har gjort seg nokre tankar om Kunst og handverksfaget.**



Professor Anne Bamford. Foto: Einar Jahr

## Å vere eksternt blikk på faget

Bamford er opphavleg australsk og er no professor i England. Ho problematiserer sjølv at det kan sjåast som ei svakheit når ein skal forske på fagpraksis i eit anna land. Sjølv vel ho å sjå det som ein styrke at ho kan sjå fagfeltet utanfrå. Ho har gjort denne typen kartlegging i svært mange land etter kvart, bl.a. Belgia, Danmark, Nederland, Island og Australia, noko som gjer ho rutinert i å vere eksternt kompetanse.

- Eg har ikkje gjort meg opp ei meining om kva eg vil finne før eg kjem ut i praksis. Som eksternt kan eg difor gå inn i prosessen utan noko å forsvare, og med eit anna blikk på kva som skjer.

## Eit breitt materiale

Undersøkinga som no er sett i gang, vil fanne om mykje informasjon. I tillegg til å møte elevar, foreldre og lærarkrefter i skule og barnehage vil dei også møte representantar for kunst- og kulturinstitusjonar, næringsliv, forvaltning og også enkelte frittstående kunstnarar. Innsamlinga skjer gjennom både spørjeskjema og intervju. Spørjeskjemaet vert sendt ut til alle skular, barnehagar og kulturskular. Da same undersøkinga vart gjennomført på Island nyleg, var svarprosenten på nesten 100 %. Bamford håpar på like stor respons her i Noreg, men vil vere nøgd med halvparten.

Ein svært viktig del av kartlegginga er samtalar med praksisfeltet. Alt før pressekonferansen hadde ho vore rundt i Finnmark og gjort innsamling av intervju med utvalde skular, barnehagar og andre institusjonar.

- Folk vert ofte overraska over at det er eg som kjem for å gjere intervju, men dersom eg skal kunne gjere gode analyser, er det viktig at eg er med i innsamlings-situasjonane. Det er ofte i løpet dei siste

fem minutta, når ein slappar av over ein kaffikopp, at den mest relevante informasjonen kjem fram.

Dei som vert besøkte, er plukka ut innanfor gitte kriterium for å få dekt ulike skuleprofilar basert på storleik, geografi, dokumentert lærarkompetanse etc.

På spørsmål om kva tendensar ho ser for situasjonen i dei praktisk-estetiske faga, vil Bamford ikkje svare enno.

- Vi får ta eit nytt intervju etter at vi er ferdige. Da kan vi diskutere kva som er vegen vidare med politiske prosessar og innspel frå fagmiljøa.

Det er venta at innsamlinga vert avslutta i slutten av mars. Etter dette vil analysen resultere i eit dokument som vil fungere som eit sett generelle tilrådingar for heile fagfeltet og for Musikk, Kunst og handverk, og fagområda dans og drama. Det er difor viktig å fylgje med på kva som kjem ut av denne studien.

## Fagkunnskap og fag som metode

Etter at den offisielle pressekonferansen er over, får vi snakke nærare med Bamford om Kunst og handverksfaget. Diskusjonen om kva som er skilnaden på undervisning i praktisk-estetisk fagkunnskap og praktisk-estetiske fag som metode, kjem opp. Bamford er tydeleg på at ho ser skiljet mellom fagmål og metode, men seier også at det i det heile er vanskeleg å definere dette i praksis.

- Det første ein spør om, er om elevane i det heile får noka kvalifisert undervisning og erfaring med faget. Så det aller første spørsmålet vert om innhaldskomponenten er der. Dette er også eit spørsmål i faga Kunst og handverk og Musikk.

Ho viser til tidlegare studiar med same dilemmaet. Når fagmål skal implementerast i skulepraksisen, vil tolkinga av dei danne basis for svært ulik praksis.

- Innhald og metode er aldri svart-kvitt, og mykje av dette ligg i mangfaldet av innhald lærarar i praksis legg i det; ikkje berre i korleis dei vert omsette frå læreplanen, men også forståinga av kvalitet innanfor dei to kategoriane.

Ho fortel at dersom ein ser på diskusjonar i praksisfeltet, t.d. i diskusjonar om formålet med faget musikk, vil nokre hevde at formålet er at elevane lærer å spele eit instrument, medan andre meiner det er å lære musikk, med instrumentet som eit verkemiddel. Eller at poenget er å lære å verdsetje musikk, eller å lære notar. Desse diskusjonane er ikkje alltid artikulererte i praksisfeltet, og lærarane sine tolkingar av innhald og metode har svært ulikt utgangspunkt alt etter fagsyn og fagkunnskap.

- Tolkinga den enkelte lærar gjev innhald og materiale, fører altså til svært ulike formar for fagpraksis. Det er desse tolkingane vi prøver å få tak i også i den norske studien.

## Lærarkompetanse og kvalitet

FORM vil gjerne vite om Bamford ser på kva lærarkompetansen har å seie for dette. Det har lenge vore eit stridstema at det ikkje er krav om formell kompetanse for å undervise i faget i grunnskulen. FORM påpeikar at politikarane ynskjer seg ein mindre teoritung ungdomsskule. Men vil ikkje mindre fagfordjuping i verkstaden føre til ei teoretisering av dei praktiske faga? Er det funn som tyder på at det spelar noka rolle om den som underviser, har utdanning i faget eller ikkje?

Gjennom svaret på dette spørsmålet framhevar Bamford at det også i stor grad er dei praktiske forholda som står for nokre av hindringane for eit fullverdig fag. Det kan vere faktorar som reduksjon i timetal, spesialrom som ikkje vert oppgraderte, delingstimar som forsvinn. Men ho kjem at-tende til at manglande fagkompetanse hjå

# Fag og kvalifikasjonsrammeverk

## LMN har ordet

Når jeg møter nye mennesker i sosiale sammenhenger får jeg av og til spørsmål om hva jeg jobber med. Etter å ha fortalt at jeg undanner lærere som blant annet skal kunne undervise i faget Kunst og håndverk i grunnskolen og i fagområdene formgivingsfag, medier, design og håndverk i den videregående opplæringen, får jeg en del kommentarer. Jeg får også spørsmål om hva elevene skal lære i Kunst og håndverk nå for tiden, ofte med en tilhørende kommentar om at det ikke lenger er behov for å lære elevene å sy og snekre – vi har jo Hennes&Mauritz og IKEA.

Så hva står sentralt i faget nå? Er det prosessen eller produktet? Er det kreativiteten eller kunnskapen? Er det personlighetsutviklingen eller forståelse for vår visuelle og materielle kultur? Er det praktisk skapende arbeid eller teori? Heldigvis er verken læreplanene, undervisningspraksisen på skolene eller debattene om fagfeltet preget av slike "enten – eller". Men det er fortsatt behov for å tydelig artikulere fagfeltets egenart for å kunne utvikle det. På samme måten som lyd og rytme står sentralt i musikkfaget, så står visuelle virkemidler og materialitet sentralt i det praktiske kunst- og håndverksfaget. Samtidig knyttes kreativitet og meningsfull kommunikasjon til det enkelte fags egenart og den lokale konteksten. Den metodefriheten som skolene har, gir rom for dette og det oppfordres samtidig til tverrfaglig samarbeid, til beste for elevenes læring. Faget Kunst og håndverk skal blant annet bidra til at elevene får oppleve god kunst og at de blir kritiske konsumenter, brukermedvirkere og bidragsyttere i et flerkulturelt fellesskap. Dette er utfordringer også for fremtiden.

Mange høyere utdanningsinstitusjoner har utviklet, eller er i ferd med å reformulere sine studieplaner i forhold til Kvalifikasjonsrammeverket som Kunnskapsdepartementet vedtok i 2009. Det innebærer at mål og innhold i høyere utdanning skal artikuleres i forhold til kategoriene: 1) Kunnskap, 2) Ferdigheter og 3) Generell kunnskap. For kunst- og designutdanningene betyr dette at de må formulere hva som er sentrale kunnskaper og ferdigheter i fagene. Jeg ser fram til å studere denne konkretiseringen. Har kunst- og designutdanningene evne til å utvikle sin egenart? Eller nærmer de seg i økende grad andre disipliner som filosofi, psykologi eller sosiologi? Fører en slik dreining i så fall til selvpåkløst innen kunst- og designfagene?

*Liv Merete Nielsen  
Professor  
Høgskolen i Oslo*

lærere i kombinasjon med disse faktorene kan få uheldige konsekvenser.

- Alt no møter eg lærarar som signaliserer at denne tendensen er der. Mangel på utdanning, spesialrom og materiale fører til at det vert mykje tavleundervisning, noko som går ut over det praktiske aspektet av faget. Det er genuin fortvilning hjå lærarar som må undervise eit fag dei ikkje har formell kompetanse i innanfor rammer som ikkje er tilfredstillande.

I denne sammenhengen kjem Bamford også inn på Den kulturelle skulesekken. Den engelske ordninga Creative Partnerships styrkjer dei kreative faga, både for lærarar og elevar, og fungerer positivt. Ho har tru på at den norske ordninga med DKS vil fungere like positivt med nokre tilpassingar.

Ho meiner at skulane vil hauste mykje dersom dei i stor grad får sjansen til å setje agendaen for lokale prosjekt der dei hentar inn eksterne krefter i lengre periodar, og der begge parter kan bidra til å utvikle ei problemstilling som er relevant for den einskilde skulen.

### Avsluttande eksamen i Kunst og handverk?

Vurdering har alt vist seg å vere eit vanskeleg spørsmål for praksisfeltet; ikkje berre kva form vurderinga skal ta, men om det i det heile bør vere vurdering i faget. På spørsmål frå FORM om ho har noko syn på om det bør vere avsluttande eksamen etter 10. klasse, er ho varsam med å gje eit absolutt svar. Ho er tydeleg på at svaret ho gjev, ikkje er i kraft av hennar rolle som forskar.

- På ein eller annan måte er det viktig å vise kva du har lært i eit fag, men praksisfeltet er delt på midten i dette spørsmålet. Eg kan også sjå gode argument på begge sidene i dette spørsmålet. Om det ikkje er avsluttande eksamen med eksternvurdering, gjev det fridom til å fokusere på elevane sine interesser i større grad, men på den andre sida skal faget telje i opp- tak til vidare utdanning og også bidra til å gje studiekompetanse. Her er det

i siste instans opp til kva kunnskapsministeren vil gjere.

Ho kjem inn på at avsluttande eksamen i Kunst og handverk vil vere meir ressurskrevjande enn i andre fag. Elevarbeida er store og kan ikkje sendast i posten. Eksterne sensorar må hentast inn og ha tilgang på elevarbeida. I tillegg må ein diskutere kva som skal vere innhaldet i ei slik vurdering. Kva er god vurderingspraksis?

### God Kunst og handverksundervisning

FORM utfordra Bamford på om ho kunne setje fingeren på kva som er god Kunst og handverksundervisning. Etter at ho har gjort parallelle undersøkingar i fleire land, er det nærliggande å spørje om det finst noko kjenneteikn ho vil setje fingeren på.

- Det vi veit, er at nokre kvalitetar må vere til stades for at undervisninga skal verte god. Samarbeid – å jobbe nært med andre om planlegging og evaluering – må til. Kontekstualisering og fleksibilitet – at innhaldet er lokalt tilpassa – er også viktig. Det som er relevant i Oslo, er kanskje ikkje det i Finnmark. Utstilling av elevarbeid – at presentasjon og handsaming av elevane sitt arbeid er seriøst – er sjølvsagt. Til slutt er det vurdering – sjølv om det ikkje er avsluttande eksamen, må vurderinga vere godt dokumentert, gjerne i mappe.

Med dette måtte vi setje strek for intervjuet, men før Bamford gjekk, påpeika ho at når hennar arbeid er ferdig, startar vårt. Det er i forlenginga av hennar rapport at vårt arbeid for styrking av faget i skulen vil byrje. Ho gjev verktøya som vi må nytte i vårt arbeid for ei betring av situasjonen i skulen. FORM oppmodar alle til å fylgje med i denne saka, og om å vere aktive i den komande fagdiskusjonen.